

# *Årsmelding* *Borgund kyrkjelyd*

## *2022*



*© Oyvind Kåre Sunde*

## GENERELT OM KYRKJELYDEN

### **Borgund sokneråd**

#### **Fast medlem**

Astrid Røddølen	Leiar, samarbeidsutval barnehagen, kontaktperson Kirkens SOS
Monica Solbjørg	Nestleiar, kulturutval
Lisbeth Petra Rødstøl	Kontaktperson Kirkens Nødhjelp, gudstenesteutval
Knut Anders Oskarson	Representant Ålesund kyrkjelege fellesråd
Rune Stordrange	Vararepresentant Ålesund kyrkjelege fellesråd, trusopplæringsutval
Kari-Elise Veddegjærde	Diakoniutval

#### **Varamedlem**

Dag Atle Lee Eksund	
Arve Olav Bang	Samarbeidsutval barnehagen
Hans Georg Schaathun	Trusopplæringsutval
Randi Marie Amdam	Diakoniutval

I 2022 hadde soknerådet ni ordinære møter, derav eit digitalt møte, og handsama 20 vedtakssaker.

### **Tilsette**

#### **Stab**

Kristin Smehus ( til 1.6.)	Dagleg leiar (60%)
Kari Vatne	Sokneprest
Anne-Helen Roaldsnes	Sokneprest Ellingsøy
Mary Rowland	Diakon (75%)
Frode Stenberg-Eriksen	Diakonvikar (50% desember)
Christian Siejak	Ungdomsprest (75%)
Kjetil Kvangarsnes	Kantor
Mariann Stensøe	Kyrkjelydspedagog (75%)
Eero Voitk	Kyrkjetenar (80 %)
Åsmund Harald Holmsen Krogh	Kyrkjetenar Ellingsøy
Samuel Hunger	Vikar kyrkjetenar
Jakob Siejak	Vikar kyrkjetenar

### **Borgund Menighetsbarnehage**

- Sjå liste over tilsette i barnehagen si årsmelding

## GENERELT

Soknet er medlem i Kirkens SOS Møre. Vi har samarbeidsavtale med Himalpartner og støttar deira arbeid i dei tibetanske områda i Vest-Kina og Nepal. Henriette Bryn er soknet sin kontaktperson i Himalpartner. Vi samarbeider også med Kirkens Nødhjelp om Fasteaksjonen.

#### **Foreiningar/utval/arrangement:**

- Korarbeid: SyngSang, Ministrantkor, Borgund Kyrkjekor
- Babysang, Knøttesang
- Andakter/gudstenester på Sanitetshjemmet og Hatlane Omsorgssenter. Borgundheimen til den blei nedlagt i april.
- Larsgården KFUK-KFUM-speidargruppe

- Formiddagstreff
- Seniordans
- Husfellesskap og kyrkjering
- Bibeltimer i fastetid
- Kulturutvalet har vore i aktivitet
- Borgundmessa
- Inspirasjonskveld for dei som har tenester i gudstenestene

I tillegg har vi mange frivillige som klokkarar og kyrkjevertar, samt andre som har tenester i gudstenestene og ved andre arrangement.

I 2022 vart arbeidet med produksjon av benkar av sedertreet som vart felt ved kyrkja ferdigstilt. Ornamentfabrikken v. Peder Alme laga betongsoklar etter mal frå sidegavlane på kyrkjebenkane. Snekkar Per Ekornesvåg Alnes laga trespiler til setet. Soknerådet er i gang med å samle inn pengar til ny raud hovudløpar i kyrkjerommet.

### **KYRKJELIV**

Mesterparten av året vart etter-pandemitid, og sakte men sikkert kom aktivitetar i gang igjen. Men vi ser at gudstenesteoppmøtet ikkje er heilt tilbake til før pandemitid, men det er stor pågang på dåp, gravferd og bryllup. Vi gledde oss særleg over å feire julaftan med julespel med barnekor, korgruppe med vaksne og band!

Kystpilegrimsarbeidet er godt i gang. Vi fekk midlar frå bispedømmet til å løne ungdommar som hadde open kyrkje i sommar, og vi har hatt fleire små vandringar med prestar i prostiet og kyrkjeleg tilsette. I tillegg er det pilegrimspostar rundt kyrkja.

Konfirmasjon vart gjennomført som vanleg i mai. Det var også påskesangfest, menighetens dag, Olsok-gudsteneste med foredrag i samarbeid med kyrkjeakademiet, hausttakkefest og utdeling av 4-årsbok.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Hovedgudsteneste, søn/helged.	63	62	56	59	57	60	60	53	69	60
Hovedgudsteneste, snitt deltakarar	157	188	154	145	147	129	99	94	59	87
Nattverd, snitt delt.	42	59	48	46	59	45	41	38	55	30
Dåp	102	91	86	98	102	105	103	108	106	101
Dåp, busett i soknet	43	31	35	49		40	41		52	43
Konfirmasjon	88	82	89	90	66	62	77	76	66	72
Gravferder totalt i Borgund kyrkje	-	-	-	-	-	60	-	65	60	76
Tal på døde i soknet	45	44	60	44	44	36	43	41	48	46
Vigslar, totalt	50	31	46	39	42	24	30	26	14	32
Vigslar, busett i soknet	11	5	10	8	8	5	4		3	

### Dåp

Borgund kyrkje har stadig stor pågang når det gjeld dåp. Det er omtrent 40 % av dei døypte som bor i Borgund sokn, 60 % kjem utanfrå – flest frå Spjelkavik sokn.

### Nattverd

Nattverdtala har gått ned, vi er usikre på om dette er ein trend eller om det har med korleis vi har feira nattverd i pandemitida å gjere. Vi har brukt enkeltbeger og oftast er det nattverdutdeling nede på golvet – så det skulle vere like tilgjengelig som intinksjon. Noko som kan påverke tala er pilegrimsgudstenestene om sommaren. Det er ikkje så mange som deltek der, så tala dreg snittet ned og vi må vurdere kor mykje ressursar vi skal bruke på dei.

### Vigsel

Borgund kyrkje har i alle år vore ettertrakta som vigselkyrkje og dette året var det 32 vigslar, mot 19 i fjor. Det lave talet i fjor skuldast pandemirestriksjonane. Felles bryllaupskveld for brudepar i fellesrådet med informasjon om liturgi, salmar og musikk vart gjennomført i mars med over 70 deltakarar. Prestane og kantorane i Borgund og Ålesund/Volsdalen samarbeider om denne kvelden.

### Gravferd

Gravferdstalet held seg stabilt – 46 i år mot 48 i fjor. Dei fleste gravferdene er i kyrkja, nokre få på krematoriet eller i nabokyrkjene.

Prestane i Borgund og Ellingsøy har tenesteveke i begge sokna kvar si veke. Mange gravferder vert haldne av nabosokna sine prestar då mange som bur i andre sokn ynskjer Borgund kyrkje til gravferdsseremoni. Det er mange som har familiegrav her, eller frå gammalt av tilknytning hit.

### Misjon

Borgund har misjonsavtale med Himalpartner. Vi støttar næringsutvikling på den tibetanske høgsetta. Under open kyrkje i sommar og i adventstida hadde vi varer frå Himalpartner for sal i kyrkja. På menighetens dag og på Borgundmessa var Himalpartner med og hadde stand med informasjon og sal av varer produsert i Himalaya. Åge Birger Hofset og Otto Stornes deltok med program om utviklinga av møbelproduksjon i Nepal på formiddagstreff. Åge Birger fortalde også om prosjektet på Borgundmessa.

Borgund menighet var også en del av «Sammen som kirke i hele verden», bispedømmets misjonsaksjon, og det kom inn 4420 kr.

## **TRUSOPPLÆRINGA**

Trusopplæringa er eit tilbod til alle døypte i soknet og er eit samarbeid mellom dei ulike fagfelta i kyrkjelyden. Kyrkjelydspedagogen har hatt hjelp av dei andre tilsette i staben både ved planlegging og gjennomføringa av tiltaka.

**Dåpssamlingar** er det soknepresten som har hatt ansvaret. Kyrkjelydspedagogen har samlingane når det trengst vikar. Det er dåpssamlingar ca. ein gong i månaden. Her møtest foreldre/føresette dåpsbarn til samtale og førebuing til dåpen. I år har vi hatt 43 dåpsfamiliar i dåpssamtale, 45 i 2021.

**Babysang** er samla kvar torsdag formiddag, utanom i skuleferiar. Vi har hatt babysang som eit tilbod til 35 babyer dette året, 45 i 2021.

**Knøttesang** er saman annakvar veke, utanom skuleferiar. Knøttesang er for born i alderen frå 2 år til ca. 5 år i følge med ein vaksen. Knøttesang hadde 13 samlingar med tilsaman 22 deltakarar.

**Utdeling av 4-årsbok** (Oktober) I år vart det igjen undretur i kyrkjerommet for 4-åringane, i tillegg til gudsteneste kor dei fekk 4-års bok. 11 var med på undreturen og 18 born fekk bøker i gudstenesta. I 2021 delte vi ut 45 bøker.

**6 år i år- fest for dei som skal begynne på skulen.** (Mars) 6-års festen var også i år ute. 17 born saman med ein vaksen var med på forskjellige aktivitetar. I tillegg laga vi ein pakke til dei påmelde. Pakken inneheldt blant anna boka «Tre i et tre», formings-materiale til ein sau og bibelhistoria om sauen som gjekk seg vill. I 2021 deltok 7 på tilsvarande opplegg.

**2. trinn. Gøyme/leite.** (Mai og september) «Gøyme/leite» blei avlyst fordi ingen meldte seg på.

**3. trinn. Tårnagenthelg.** (Februar) Laurdag var vi saman med 6 tårnagentar med agentløype i Borgundgavlen og oppdagelsesferd i kyrkjerommet. Tårnagentgudstenesta hadde vi saman med Larsgården speidarane. Talet på deltakarar var det same som i 2021.

**4. trinn. Levande Vatn.** (Mai) Levande Varn blei avlyst grunna få påmeldte.

**6. trinn. Lys Vaken.** (Januar) «Lys Våken» kunne ikkje gjennomførast, på grunn av korona- nedstenging.

Utanom tilboda over er familiegudstenestene og hausttakkefesten viktige arenaer for trusopplæringa. Siste åra har speidargudstenesta vore kombinert med tårnagenthelg, og det fungerer godt. Vi ser at talet på deltakarar har gått ned særleg for tilboda for barn i skulealder. Det gjer at vi må tenke nytt og sjå etter nye måtar å arbeide på.

## **KONFIRMANTARBEIDET**

**Konfirmantkullet: 72 Konfirmantkullet 2021: 66**

**Friluft.** Det aller meste av undervisninga skjer ute. Vi bruker den grindbygde gapahuken i Borgundgavlen som fast møteplass der vi går gjennom dagens tema og eventuelle heimeoppgåver. Dei fleste samlingane har innslag av fysisk aktivitet, leik og grilling.

Konfirmanttur til Fjellsetra vart gjennomført som planlagt.

**SportY** Undervisninga skjer i gymnastikksalen til Kolvikbakken ungdomsskule. Dette er eit opplegg spesielt for dei som likar å vere i aktivitet. Dette er eit samarbeid med Volsdalen-Ålesund konfirmantane.

**GLOBAL-konfirmant** er eit tilbod frå KFUK-KFUM. Tema for opplegget er vårt kall til rettferd og måtar kristne gjennom tida har stilt opp for sin neste. Diakon Mary Rowland har hatt ansvaret for opplegget, men det var for få påmelde til å gjennomføre opplegget sist år.

**Soul Friends** er et tilrettelagt opplegg for konfirmantar med særskilte behov. Samlingane skjer etter avtale med familie og skule.

**Fasteaksjonen** for Kirkens Nødhjelp vart gjennomført og det vart **Nattcup for konfirmantar** også i november.

**Konfirmasjonsgudsteneste** har blitt litt endra etter pandemien fordi kvar av konfirmantane fekk ha med seg eit avgrensa tal gjester. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar på at det fungerte godt og heldt fram med det i 2022. Ein konfirmant vart døypt i eiga dåpsgudsteneste før konfirmasjonen.

### SAMARBEIDET MED KYRKJE - SKULE - BARNEHAGE

**Påskevandring** for 2. klassane blei gjennomført med Larsgården skole. Hatlane fekk også tilbod, men takka nei dette året.

**Pinsefest.** Tiltaket er for barnehagane i soknet. Steinerbarnehagen og vår eigen menighetsbarnehage feira pinsefest saman med Kari Vatne, Mariann Stensøe og Christian Siejak. Tema: «Kyrkja sin bursdag».

**Julevandring** for barnehagane fungerte også veldig flott! Fleire barnehagar deltok og opplevde juleevangeliet med kostymer, song og forteljing. Ungdomsprest og kyrkjelydsspedagog gjennomførte julevandringane.

**Skulegudstenester** før jul for barneskulane i Larsgården og Hatlane vart gjennomført til alles glede. Flott song, julespel og medverking elles i gudstenesta! Samarbeidsplan for kyrkje-skule vart etterlyst og skal utarbeidast.

**Anna arbeid.** Ungdomspresten er med i arbeidsgruppa **“Ung i Ålesund”** som medarrangør av konfirmantnattcupen i Sunnmørshallen.

«Ung i Ålesund» arrangerer også **MILK** – MiniLederKurs, eit leiarkursopplegg frå KFUK-KFUM, og støtter kursdeltakerane økonomisk. Undervisningsleiar i Volsdalen og Ålesund, Espen Fredheim Johannessen, og ungdomspresten er ansvarlege for kurset. Ei gruppe unge er i gang med kurset og hjelpte til på konfirmantcup og på konfirmantleir.

**Spelekveld** for heile familien er eitt av tiltaka vi ønsker å kome i gang med igjen.

### DIAKONiarbeidet

Kyrkja sin plan for diakoniarbeidet omfattar desse fire områda:

- A. Nestekjærleik
- B. Vern om skaparverket
- C. Opne fellesskap
- D. Kamp for rettferd

Diakonen har ansvar for regelmessige samlingar og tenester som «Formiddagstreff», andakt på institusjonar, institusjons- og heimebesøk, kyrkjelydstur, tenester som kyrkjekaffi, kyrkjevert, medliturg i gudstenester og open kyrkje om sommaren. I tillegg har diakonen ansvar for gudstenesta på Den Internasjonale Kvinnedagen 8. mars.

**Kyrkjelydsstur.** I år var det ein vellukka busstur til Nordøyvegen i lag med Ellingsøy sokn. Veret var flott og vi samla oss i Haram Kyrkje til andakt og song. Pauline Aksnes, som tidlegare var tilsett i Borgund, var lokal guide. Vi køyrde heilt til Harøya, fekk middag på Barius og Kaktus kafé og til slutt var vi på en liten sightseeing på Lepsøya.

**Open kyrkje og bøn.** «Open kyrkje» om sommaren er blitt ein del kystpilegrimslei-arbeidet. Det er behov for ein stille stad å komme til. Tilsette og frivillige har hatt ope søndag, tysdag, onsdag, torsdag og fredag. Det er høve til å be og tenne lys. Nokre gonger er det musikk. Nesten 1100 menneske var innom kyrkja i sommar. Pilegrimsgudstenestene med foredrag i etterkant er best besøkt. Denne sommaren hadde vi besøk av Bjørg Vartdal Hareide og ....

**Besøksteneste/sjelesorg.** I tillegg til diakon og prest gjer fleire medlemmer i kyrkjelyden ein innsats ved besøksteneste på privat initiativ. Besøka kan vere regelmessige eller i periodar når nokon har behov for det, som ved sorg, krise eller sjukdom. Besøka kan vere i heimen, på sjukehuset eller på institusjon. Nokre gonger er kyrkja eller kyrkjekontoret staden ein helst vil samtale. Diakonen og fleire av dei tilsette har dette året også hatt ekstra kontakt med menighetsmedlemmer gjennom året ved bruk av telefon, e-post, tekstmeldingar og brev.

**Formiddagstreff.** Stor takk til komiteen for «Formiddagstreff» for arbeidet dei gjer med å førebu i salen, pynte bord, lage til mat og rydde etterpå! Det er behov for nye medlemmer i komiteen dersom vi skal organisere dette på same måte vidare. Det er fint med ulike tema, andakt og quiz på samlingane. Ekstra flott var det at seniordans kom ein gong og viste oss litt av det dei har lært seg!

**Borgundmessa** vart vellukka med familiemiddag og loddsalg torsdag, formiddagstreff fredag, basar laurdag og kirkekaffi med loddtrekning søndag. Pengane som kom inn skal gå til nytt teppe i kyrkja. Samtidig var det open kyrkje og kunstutstilling fredag til søndag, med tid til ettertanke og høve til å tenne lys.

**Samarbeid med Kirkens bymisjon:** Vi arrangerte «Hverdagsmesse» våren 2022 annakvar onsdag på bymisjonen, og var også medarrangør av Regnbuemesse under Ålesund PRIDE for 5. gang. Det er diakon, sokneprest og ungdomsprest som har vore med frå staben.

Diakonen er no med i Ålesund kommune si krisegruppe.

## **MUSIKALSK ARBEID**

### **Konsertar**

I 2022 har det i Borgund kyrkje vore 13 konsertar og musikkandakter (5 i 2021) med til saman 1062 til stades. Det var 2 konsertar i serien «Pasjonsmusikk i Borgund». Kyrkjekora i Borgund, Ellingsøy, Spjelkavik og Ålesund framførte Palmesøndag «Lyset frå dine sår» eit program med dikt av Arnold Eidslott framført av sonen Guttorm Eidslott og Solveig Fiske kombinert med kormusikk og instrumentalmusikk med cellisten Hallvard Braaten Steinhovden. Langfredag framførte Ola Eide og Viggo Solum «Job», Eit verk med musikk av Egil Hovland og tekstar frå Jobs bok.

Det vart arrangert tre konsertar i serien «Internasjonale kyrkjekonsertar i Ålesund». Orgelkonsertar med Kåre Nordstoga og Ioana Maria Precup og konserten «Arktisk salmekonsert» med Sunniva Eliassen og Ivar Jarle Eliassen. Etter to år utan julespel på grunn av pandemien fekk vi endeleg ha framføring på juleaftan.

### **Sorg, livsmot og tap**

Sorg, livsmot og tap var tema for ei utstilling i allehelgenshelga der Marit Lillestøl stilte ut maleri, det var óg open kyrkje den helga. Kjetil Kvangarsnes bidrog med musikk ved opninga og kunstnaren fortalde om

måleria sine. Kulturutvalet tok initiativet til utstillinga i 2020, vi tenker at dette kan bli ein fast tradisjon. Det var mange gode samtalar – og også litt sal der kyrkjelyden fekk ein del av inntekta. Utstillinga vart avslutta med minikonsert med Ålesund Strykekvartett.

**Kulturutvalet** består av Halldis Oksefjell, Marit Kaldhol, Monika Solbjørg, Kari Vatne og Kjetil Kvangarsnes.

Kulturutvalet arbeidde i 2021 arbeid med eit prosjekt med konsert og foredrag om Lina Sandell. Vi har fått støtte gjennom ordninga Vekstmidlar og har samarbeidd med Møre bispedømmeråd. Marit Kaldhol og Bjørnar Myhr skreiv ny tekst og musikk til programmet. Prosjektet førte fram til 5 konsertar i bispedømmet som vart gjennomført mars 2022.

### **Musikk i kyrkjelege handlingar og gudstenester.**

Deltaking av eksterne kor i gudstenester har også i år i noko grad vore prega av koronapandemien. På nokre gudstenester deltek instrumentalistar og solistar. Det gjeld særleg påskedag, påskesongfesten, Afro-amerikansk messe og julegudstenestene. I vigslar og gravferder er det mange, både amatørar og profesjonelle musikarar aktørar som deltek med song og musikk.

**Borgund SyngSang** er barnekoret i Borgund menighet. I 2022 hadde vi til saman 19 medlemmer.

SyngSang er med og syng på gudstenester og arrangement i menigheten som karnevalsgudsteneste, Påskesangfest, menighetens dag, hausttakkefest og Borgundmesse. Høgdepunkt er julespelet som blir framført på julaftan i lag med vaksenkor og orkester.

**Borgund Ministrantkor** hadde i 2022 4 medlemmer i vårsemesteret og 2 medlemmer i haustsemesteret. I haust har dei i tillegg til forsongarteneste hatt øvingar og gudsteneste saman med kyrkjekoret.

**Borgund Kyrkjekor** har fått fleire nye medlemmer i 2022 og har no 16 songarar. Koret har sunge ved 10 gudstenester og 4 konsertar. Koret har i stor grad hatt samarbeid med Ellingsøy kyrkjekor.

## **BORGUND MENIGHETSBARNEHAGE**

Diakon, kyrkjelydspedagog og ungdomsprest har regelmessige samlingsstunder for borna i barnehagen. For arbeidet i barnehagen elles; sjå eiga årsmelding.

## **BORGUND OG SPJELKAVIK KYRKJEAKADEMI**

Aktiviteten i 2022 har vore tilnærma normal, med moderate pandemi-restriksjonar berre på årets første arrangement. 3 opne publikumsarrangement:

- 16. februar: Foredrag/samtale: **Kyrkja sitt samfunnsengasjement** v/Sindre Stabell Kulø.

Samarbeid med Bymisjon Møre. Deltakande: ca. 50

- 29.juli: Olsok-foredrag i Borgund kyrkje: **Fyrst Volodomyrs arv. Kyrkja sine roller i Putins krig**

v/Vebjørn Horsfjord. Deltakande: 120

- 3. november: Foredrag i Borgund kyrkje: **Hvis klima er så viktig - hvorfor gjør vi da så lite? Fra individuelle til sosiale løsninger** v/Per Espen Stoknes Deltakande: ca. 80

**Styret 2022:** Trond Stavseng, Severin Roald, Solfrid P. Viset, Arvid Helle, Stine M. Lerheim, Marit O. Kaldhol

**Medlemstal** pr. 31.12.2022: 67 registrerte medlemmar

## ÅRSREKNESKAPEN

Årsrekneskapen for 2022 viser eit meirforbruk på kr. – 88.203,92

Dette skuldast hovedsakelig prosjektet med sedertrebenkane med kr. - 80.674,25. Soknerådet fekk kr. 45.000,- i tilskot til dette prosjektet.

Ser ein vekk frå dette er meirforbruket i drifta på kr. – 6.529,6

### **Innsamla midlar.**

Inntektene frå givartenesta har gått ned siste åra og var i 2022 på kr. 59.100,- Dette er ei halvering av inntektene samanlikna med då givartenesta vart etablert i 2005/2006.

Ved kyrkjeoffer vart det samla inn totalt kr. 181.834,- Av dette var kr. 68.005,- til eige formål og kr. 113.829,19 til eksterne formål.

Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp kr. 54.130,-

Fondet for nytt teppe i Borgund kyrkje er på kr. 117.428,- Av dette er kr. 50 000 frå Sparebanken Møre og kr. 20 000 kr frå Stiftelsen Kjell Holm.

Inntekter frå utleige av menighetshuset var på kr. 72.00,- mot kr. 42.500,- i 2021

Bunde fond barne- og ungdomsarbeid (Skålsbu) er på kr. 362.717,91. Det vart bruk kr. 4.269,- av dette fondet i 2022.

## SLUTTORD

2022 vart også eit annleisår, først var det overgangen frå pandemi til «ny normal» og så var det omorganisering i fellesrådet. Dagleg leiar Kristin Smehus flytta til kirkevergekontoret, og ein del av hennar arbeidsoppgåver vart fordelte på staben. Ho tek seg av reknskapen og bistår alle sokna i fellesrådet elles. Soknerådet har dermed ikkje lenger eigen sakshandsamar og det har vore ein stor overgang. Heldigvis har vi ein stab som samarbeider godt, som er endringsvillig og har gjort det beste ut av situasjonen. Det er vi svært takknemlege for! Soknerådet har delt på arbeidet med referatskriving.

Borgund har i mange år lagt vekt på kombinasjonen av tradisjon og fornying. Vårt mål er å vere ei open og inkluderande kyrkje der alle kan kjenne seg heime. Vi håper at vi no kan vende blikket framover og vere kyrkje midt i alt som er.

Borgund 1. mars 2022

Astrid Røddølen  
*leiar*

Monica Solbjørg  
*nestleiar*

Knut Anders Oskarson  
*medlem*

Rune Helle Stordrange  
*medlem*

Kari-Elise Frøystad Veddegjærde  
*medlem*

Lisbeth Petra Rødstøl  
*medlem*

Dag Atle Lee Eksund  
*varamedlem*

*Arve Olav Bang*  
*varamedlem*

Hans Georg Schaathun  
*varamedlem*

Randi Maria Amdam  
*varamedlem*

Kari Vatne  
*sokneprest*